



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3767 - 18/13611

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
26.04.2018

Oversender søknad til uttale - gbnr 233/6 Eide indre

Tiltak: Dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 233/6
Tiltakshavar: Ingebjørg Eide
Ansvarleg søkjar: Nhb Vest AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF for oppføring av einebustad med opplyst bruksareal (BRA) til ca. 398m² og med opplyst bebygd areal (BYA) til ca. 221m² på gbnr 233/6 Eide. Eigedomen er på ca. 282 mål. Det er Nhb Vest AS på vegne av heimelshavar, Ingebjørg Eide, som fremjar dispensasjonen.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen er definert som LNF-føremål med særleg omsynssone for landbruk.


Kommunen har praksis for å sette vilkår om at KPA §5.14 – grad av utnytting gjeve for spreidd busetnad vert ivareteke i prosjektet. BYA skal ikkje overstige 20%. Samla BRA for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400m².

Det er inga aktiv gardsdrift på eigedomen. Landbrukseigedomen vert lånt ut som beiteområde til naboar for at eigedomen ikkje skal gro igjen. Det er inga bustadhus på eigedomen. Det er ein driftsbygning og vaskehus på eigedomen som ikkje er i bruk. Desse skal i følgje tiltakshavar restaurerast.


Eigar ønskjer å busette seg fast på eigedomen og med eit dyrehald som skal holde vegetasjonen nede slik at kulturlandskapet vert ivareteke. Vi forstår det slik at det ikkje er eit dyrehald som inneber at eigedomen vert i aktiv drift som gardsbruk.



Utsnitt av kommuneplanen



Utsnitt av grunnkart



Tilkomst

Tilkomsten til eigedomen må skje via kommunal veg. Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel vart gjeven, 02.01.2018.

Vatn og avløp

Det er kommunal vatn- og avløpsleidning i området. Det føreligg uttale frå teknisk drift –vatn og avløp, der det vert uttalt at det er uproblematisk å få koplå bustaden til kommunal vatn- og avløpsleidning.

Andre tilhøve

Det ligg føre uttale frå Landbruk, datert 05.10.2017. Dei har merknad i høve tilkomstvegen då denne kan vanskeleggjere drift av jordbruksarealet den kryssar. Tiltakshavar ønskjer å nytte tilkomstvegen då denne er eksisterande vegtrasè og etter deira syn ikkje til hinder for drift av jordbruksarealet.

I følgje Landbruk, så krev ikkje tiltaket løyve etter jordlova då arealet ikkje er dyrka eller dyrkbar jord.

Det føreligg privat avtale om vegrett frå gbnr 233/8 til gbnr 233/6. Dispensasjonen er nabovarsla.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - gbnr 233/6 Eide indre
Situasjonsplan
Uttale frå VA-avd.
Uttale frå landbruksavd.
Erklæring om veirett
Fullmakt
Tilleggsdokumentasjon vedk dispensasjonssøknad - gbnr 233/6 Eide indre
Løyve til utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg.
Tilleggsdokumentasjon - gbnr 233/6 Eide indre
Sitplan
Bilde
Nabovarsel
Hustegninger, EIDE
Grunnkart matrikkel - gbnr 233_6
Kommuneplankart oversikt - gbnr 233_6
Kommuneplankart - gbnr 233_6
Ortofoto 2015 - gbnr 233_6

Kopi til:

Ingebjørg Eide	Kalvatræ 5	5911	ALVERSUND
Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kjartan Nyhammar			
Planavdelinga			